



Trygve Haugland og Bjørgulv Eik gjer ein innsats for bøndene og norsk mat i dag (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Trygve Haugland og Bjørgulv Eik er snart 84 og snart 80 år, men det hindrar dei ikkje å ta eit tak for yrkesgruppa som dei har vore ein del av gjennom livet. I dag er dei engasjerte marknadsførare for jordbruket og den norske maten på SPAR. Det delar ut materiell som ingår i bondelaget sin påskeaksjon og som har dette slåande slagordet:
Ingen egg utan høner - ingen mat utan bønder.**

Eik er framleis ein svært aktiv bonde medan Haugland har overført ansvaret til yngre krefter. Begge er imponert over dei yngre som no har bragt det lokale bondelaget til topps i Hordaland slik at det skal representera fylket under årsmøtet i juni i Norges Bondelag.

I budskapet dei to ber fram i dag blir det påpeika at vi her i landet berre produserar halvparten av det vi et, resten blir importert. Skal vi halda oppe sjølvforsyningsgraden samstundes som vi blir fleire må vi produsere meir mat og ta betre vare på majorda. Og den oppgåva er bøndene viljuge til å ta fatt på berre det blir lagt til rette for det.

I SPAR i dag blir det trukke ein gevinst slik det skjer ein gong i veka fram til opninga av nybygget. Men denne gong er det trekning på 36 egg i tillegg.

Av Ola Matti Mathisen